

## **Små forskjellar - felles framtid. Eit Ørsta for dei mange!**

### **Små forskjellar**

Små forskjellar og sterke fellesskap gir menneske moglegheiter uavhengig av bakgrunn. Små forskjellar gir større tillit og forståing mellom folk. Omfordeling motverkar fattigdom og gir meir til dei som treng det mest. Slik gir fellesskapet oss fridom. Men no aukar ulikskapen i makt og rikdom raskt. Det vil SV gjere noko med.

Vi vil utjamne forskjellar gjennom eit rettvist skattesystem og ein styrkt kommuneøkonomi frå statleg hald, slik at vi kan gi innbyggjarane likeverdige velferdstenester. Men også på kommunenivå vil vi utjamne gjennom å styrkje velferda, løfte dei med minst, og sikre gode vilkår for alle i Ørsta.

Ein god barndom varer heile livet. Vi vil at alle barn og unge i Ørsta skal ha ein god oppvekst. Vi vil investere i gode skular, barnehagar, skulefritidsordning (SFO) og helsestasjon. Vi vil at barn skal få delta på fritidsaktivitetar sjølv om foreldra har dårleg råd.

Oppgåver som omsorg og helse løyser vi best i fellesskap. Velferdstenester skal vere nær der folk bur og tilpassa den enkelte sine behov, uavhengig av bakgrunn og inntekt. Pengane vi brukar på velferd skal kome brukarane og dei tilsette til gode. Difor seier vi nei til konkurranseutsetjing og privatisering av offentlege velferdstenester.

Fellesskapet rommar mangfald og likeverd. I Ørsta kjenner vi kvarandre og har tillit til kvarandre. Vi vil ta imot menneske på flukt og inkludere dei i bygdene våre. SV er eit feministisk parti. Likestilling inneber større fridom for alle. Vi vil utjamne skeive maktforhold og arbeide for likestilling og likeverd på tvers av kjønn, legning, helse, tru og livssyn eller bakgrunn. Det er plass til alle i Ørsta.

### **Felles framtid**

SV er eit miljøparti. Klimakrisa er vår tids viktigaste sak, som vi må løyse i fellesskap. Vi ser konsekvensane av klimaendringane i vårt eige lokalsamfunn, med meir flaum, nedbør, ras og tørke. Verst går det likevel ut over folk i fattige land som vert drivne på flukt. Vi må setje inn tiltak som monnar, og mange løysingar finst lokalt. Vi treng klimahandling no, det gjeld framtida til oss alle.

Vi må kutte utslepp lokalt. Vi må sikre reine fjordar og hav. Plast skal ikkje ende i naturen. Kommunen må stille tøffe og tydelege miljøkrav til eiga drift og nye investeringar, redusere forbruket og føre eit kommunalt klimarekneskap. Vi må verne matjorda og bevare kulturlandskap og biologisk mangfald.

SV står for desentralisering, med eit sterkt lokalt folkestyre og levande bygder. Vi treng tilgjengelege tomter og nærleik til gode tenester for unge og eldre i heile kommunen. Vi må også kjempe for å behalde statlege funksjonar i vårt distrikt, slik som trafikkstasjonen, Helfo og Lånekassen i Ørsta, og tingretten, Mork Rehabiliteringssenter og sjukehuset i Volda.

Landbruk og næringsliv er viktig for Ørsta. Vi må ta heile landet i bruk for å produsere god og trygg mat på norske ressursar. Nasjonalt arbeider SV for å betre inntektsgrunnlaget for dei små og mellomstore bruka. Vi vil gi landbruk og næringsliv moglegheit til å omstille seg til ny, grøn vekst. Vi vil at naturressursane skal kome alle til gode, og at turistnæringa spelar på lag med naturen og dei fastbuande.

Kommunen vår er ein del av verda. Vi kan gjere gode val lokalt som får betydning nasjonalt og internasjonalt. Det gjeld både for kloden og medmenneska våre. Vi kan ikkje skubbe ansvaret for klimakrisa over på fattige land. Vi vil at Ørsta viser solidaritet i praksis.

### Våre hovudsaker

Ved å stemme på SV gir du oss moglegheit til å gjennomføre det vi skriv om i dette programmet. Vi vil bruke stemma di til å kjempe for ein god oppvekst for alle barn i Ørsta, for mindre forskjellar med meir til dei som har minst, for levande bygder og klima- og miljøtiltak som monnar. Her er våre hovudsaker:

**Meir til dei som har minst.** Vi vil redusere prisen på SFO og fritidstilbod slik at fleire får vere med i leiken, også dei med dårlegare råd. Vi må motverke fattigdom, og framleis sikre at barnetrygda går uavkorta til alle barn, også barn i familiar som mottek sosialstønad.

**Klimatiltak som monnar.** Vi krev klimahandling no. Vi må kutte utslepp lokalt, stille miljøkrav i drift og nye investeringar, føre eit klimarekneskap og redusere ressursforbruket. Vi må slutte med gummigranulat og unødvendig plast.

**Velferd utan profitt, på brukarane og dei tilsette sine premisser.** Vi vil kutte ut bruk av vikarbyrå og hindre ufrivillig deltid. Vi vil unngå kommersialisering av velferda, og gi tilsette tid og tillit til å gjere ein god jobb til beste for brukarane. Vi vil behalde sjukeheimane desentraliserte og med eige kjøkken.

**Desentralisering og levande bygder.** Vi vil ha tilvekst i heile kommunen, hindre sentralisering og bevare offentlege funksjonar og arbeidsplassar.

Det handlar om å bruke stemma si for fellesskapet, for dei som treng det mest, og for kloden – til beste for oss alle. **Det er tid for ein politikk for dei mange!**

### Oppvekst, barnehage og skule

Ein god barndom varer heile livet. Vi må leggje til rette for ein god oppvekst for alle barn og unge, uavhengig av sosial eller økonomisk bakgrunn. Tilsette som har tid til å sjå det enkelte barn i barnehage og skule, saman med eit mangfaldig fritidstilbod, bidreg til at alle får vere med i leiken, får oppleve meistring og livsutfalding, og blir fanga opp om ein treng ekstra oppfølging.

### Ørsta SV vil arbeide for

- **Barnetrygd til alle.** Barnetrygda skal framleis gå til alle. Familiar som slit økonomisk, og som mottek sosialstønad, skal ikkje få avkorta barnetrygda.
- **Opprusting av barnehagane.** Ørsta treng ei opprusting av fleire av barnehagebygga, og vi må auke kapasiteten slik at fleire får førstevalet sitt.
- **Profittfrie barnehagar.** Vi vil behalde barnehagane i Ørsta i kommunal og ideell eige. Slik sikrar vi at alle pengane vi brukar på barnehage går til barna og dei tilsette, og ikkje til privat profitt.
- **Å styrkje bemanninga i barnehagane.** Bemanningsnorma bør gjelde heile dagen, ikkje berre i kjernetida. Kvart barn må bli møtt med kjærleik og tryggleik i barnehagen. Støttepedagogar i barnehagen er viktige for førebygging og tidleg innsats.

- **Redusert pris på SFO.** I dag kostar det meir for ein plass i skulefritidsordninga enn ein full barnehageplass. Vi vil senke prisen på SFO og innføre syskenmoderasjon mellom barnehage og SFO, slik at flest mogleg får delta i leiken.
- **Framtidsretta skulebygg og uendra skulekrinsar.** Elevane og lærarane i Ørsta-skulen skal ha gode, fysiske arbeidsmiljø. Vi vil prioritere opprusting av skulebygga etter tilstand og behov, og behalde dagens skulekrinsar. Vi ynskjer ny skule på Legene.
- **Mange nok lærarar i skulen.** Ørsta-skulen treng lærarar som har tid til kvar enkelt elev, byggje relasjonar og gi god undervisning tilpassa den enkelte. Små elevgrupper gir rom for meir varierte og praktiske undervisningsformer.
- **Framtidsskulen.** SV vil prøve ut ordningar med ein meir praktisk og variert skuledag, der leksene kan gjerast i skule/SFO-tida, og der skulemat er inkludert. SFO kan samarbeide meir med kulturskulen eller andre fritidstilbod. Overgangen mellom barnehage og skule kan bli betre ved å leggje til rette for meir lek og uteaktivitet, og flytte fokus frå læringstrykk til lærelyst og det å oppleve meistring for dei minste.
- **Styrking av spesialpedagogisk kompetanse i skulen.** Elevar med ekstra utfordringar treng å få tilrettelagt undervisning av fagpersonell med spesialpedagogisk kompetanse. I dag blir mykje av denne undervisninga gitt av ufaglærte.
- **Trygge skuleveggar.** Samanhengande gang- og sykkelveggar, god belysning, låge fartsgrenser og trygge gangfelt er viktige trafikktryggingstiltak for barn.
- **Fleire lærlingplassar.** Lærlingar er ein ressurs kommunen treng. Kommunen må gi fleire yrkesfagelevar lærlingplass, og gå føre som eit godt eksempel for næringslivet på dette området.
- **Ny Ørsta vidaregåande skule.** Ørsta vidaregåande skule må ha førsteprioritet på fylkesnivå for nybygg. Dei praktiske yrkesfaga i Ørsta er viktige for heile distriktet, og Ørsta vidaregåande skule må behalde det breie fagtilbodet sitt.

## Velferd, helse og omsorg

Trygge offentlege helse- og omsorgstenester sikrar eit godt tilbod til alle. Tenester skal vere nær der folk bur og tilpassa den enkelte sitt behov. Det må vere låg terskel og kort veg til hjelpeapparatet. Vi vil hindre konkurranseutsetjing og privatisering av offentlege velferdstenester. Førebygging er betre enn reparasjon.

## Ørsta SV vil arbeide for

- **Større statlege overføringar til kommunane.** SV er det partiet som løyver mest til kommunane i sine alternative budsjett. Dette fordi det er i kommunane velferda skjer, og det er her vi treng pengane for å gi innbyggjarane gode og likeverdige tenester. Styrkt kommuneøkonomi gir betre velferd.
- **Velferd utan profitt.** Vi vil behalde helse- og omsorgstenestene i kommunal regi, og unngå konkurranseutsetjing og kommersialisering. Pengane vi brukar på helse skal gå til brukarar og tilsette, ikkje til privat profitt.
- **Kutte ut vikarbyrå i helse og omsorg.** Vikarbyrå skaper uføreseielege arbeidstilhøve for tilsette og mindre kontinuitet for brukarane. Vi vil erstatte vikarbyrå med auka grunnbemanning og utprøving av nye turnusordningar og rekrutteringstiltak, i samarbeid med tilsette og fagrørsla.
- **Ein god eldreomsorg tilpassa den enkelte.** Vi har ulike behov og ynskjer når vi blir eldre. Nokre treng tilrettelegging for å bu heime, andre treng aktivitetstilbod, omsorgsbustad eller sjukeheimsplass. Alle må få ta eigne val så lenge som råd. Digitalisering og ny teknologi kan ikkje erstatte menneskeleg kontakt, men gi tryggleik og ein lettare arbeidskvardag, slik at tilsette får meir tid til omsorg for den enkelte.

- **Sjukeheimane skal vere desentraliserte og ha eige kjøkken.** Vi vil behalde dei tre hovudinstitusjonane i Ørsta, Vartdal og Sæbø, og sikre at dei får behalde eige kjøkken med fersk og god mat til dei eldre.
- **Tillit til dei tilsette.** Tilsette skal ikkje overstyrast av rapportering og målstyring, men ha fagleg fridom og tillit til å utføre arbeidet til beste for brukarane og arbeidsfellesskapet.
- **Heiltidskultur.** Vi vil at alle som ynskjer det skal få tilbod om heile og faste stillingar, og få slutt på ufrivillig deltid.
- **Førebygging heller enn reparasjon.** Tilrettelegging for fysisk aktivitet, gode levevanar og førebyggjande helsearbeid er helsebringande. Frisklivsrettleiar og folkehelsekoordinator har viktige funksjonar i dette arbeidet. «Frisk og aktiv» i barnehagane er eksempel på tiltak som bør vidareførast.
- **Ein framtidretta helsestasjon.** Ny helsestasjon må byggjast i tråd med behova til innbyggjarane og dei tilsette, med plass til alle oppgåvene ein moderne helsestasjon skal ha.
- **Nok jordmødrer og helsesjukepleiarar.** Helsestasjonen må ha kapasitet til å gjennomføre alle sine viktige oppgåver, slik som heimebesøk etter fødsel, oppfølging i barnehage og skule og anna førebyggjande og helsefremjande arbeid.
- **Helsestasjon for ungdom i Ørsta.** Helsestasjon for ungdom er eit viktig førebyggjande tiltak for ungdom si psykiske og seksuelle helse. Denne funksjonen må vi ha tilbake i Ørsta.
- **Å bevare Volda sjukehus og Mork Rehabiliteringssenter.** Ein trygg spesialisthelseteneste nær der vi bur er viktig for alle innbyggjarane våre. Vi treng alle funksjonar på sjukehuset og på Mork Rehabiliteringssenter. Vi vil skrote helseføretaksmodellen og sikre demokratisk styring av sjukehusa. Vi støttar også Bunadsgeriljaen i kravet om å ikkje leggje ned fleire fødeavdelingar.
- **God psykisk helsehjelp lett tilgjengeleg for brukarar og pårørande.** Personar som står ovanfor livskriser, psykiske lidingar, rusavhengigheit eller andre samansette eller langvarige behov for psykisk helsehjelp, treng eit godt koordinert og individuelt tilpassa tilbod.
- **Å oppretthalde familieteama i barnevernet.** Med foreldrerettleiing og tett samarbeid med offentlege tenester, er dette eit viktig tiltak for familiar med behov for det.
- **Å støtte #heierna-kampanjen for fleire tilsette i barnevernet.** Barnevernet treng nok ressursar til å ta vare på våre mest sårbare barn. Vi støttar dei tilsette sine krav om fleire stillingar og bemanningsnorm. Dette må dekkjast av auka statlege midlar, men om dei uteblir, må vi vurdere å auke kommunen sitt bidrag.
- **Å hindre vald og overgrep og sikre god oppfølging for valdsutsette.** Gode handlingsplanar mot vald og overgrep i nære relasjonar, og vidareføring av samarbeidet med SMISO - Senter for incest og seksuelle overgrep Møre og Romsdal, er viktige tiltak.

## Kultur og mangfald, demokrati og likestilling

Politikk handlar om menneske. SV står for eit ope og inkluderande samfunn med vekt på likeverd og toleranse. Det skal vere plass til alle. Eit lokalsamfunn utan mangfald er eit fattig samfunn. Eit rikt kulturliv fremjar fellesskap, identitet og inkludering. Eit aktivt og deltakande lokaldemokrati involverer innbyggjarane og tek deira innspel på alvor.

### Ørsta SV vil arbeide for

- **Kulturhuset som møteplass for alle.** Vi vil vidareutvikle kulturhuset, kinoen og folkebiblioteket som felles møteplass og kulturarena tilgjengeleg for alle.
- **Meirope bibliotek.** Vi vil gjere biblioteket tilgjengeleg, ubemanna, utanom ordinær opningstid, slik at fleire enkelt kan nytte biblioteket.

- **Inkludering av flyktingar.** Dei som kjem til Ørsta skal få bruke ressursane sine og bli del av fellesskapet vårt. Kommunen må tilby praksisplassar og gode overgangar ut i arbeidslivet, og unge einslege flyktingar må få tett oppfølging i barnevernet. Kulturkaféen er døme på eit godt inkluderingstiltak. Andre tiltak kan mellom anna vere å gjenoppta ordninga med frivillige flyktingguidar.
- **Symjehall.** Elevane våre treng god symjeopplæring. Vi vil realisere den planlagde symjehallen i tilknytning til Ørstahallen.
- **Behalde Frivilligsentralen.** Frivilligsentralen må halde fram som ein viktig kommunal støttespelar for det breie mangfaldet av frivillig arbeid vi har i Ørsta, som kjem mange ulike grupper i lokalsamfunnet til gode.
- **Gode vilkår for frivillige lag og organisasjonar.** Kommunen er ein viktig støttespelar for det lokale idretts- og kulturlivet, med støtte til organisasjonar, festivalar og arrangement. Dei kommunale støtteordningane for kultur- og idrett må halde fram.
- **Å motverke diskriminering.** Vi treng tydelege planar for å hindre diskriminering, mobbing og trakassering, og sikre inkludering og likeverd på tvers av kjønn, etnisitet, legning, helse, tru og livssyn eller bakgrunn. Vi vil utjamne skeive maktforhold og leggje til rette for individuelle behov der det trengst.
- **Universell utforming.** Personar med funksjonsnedsetjingar må bli inkluderte i utviklinga av nye bygg, infrastruktur og tenester. Eksisterande bygg, uteområde og nærmiljø må gjerast tilgjengelege for alle.
- **Fritidstilbod til alle barn.** Kommunen må gjere det mogleg for alle barn å delta i fritidsaktivitetar. Dette kan gjerast gjennom støtteordningar til deltakaravgift, å tilby eit såkalla «opplevelseskort» for redusert eller gratis inngang etter modell frå Ålesund, kommunalt utlån av fritidsutstyr og anna.
- **Gode vilkår for Kulturskulen.** Det har stor verdi at barn får utvikle sine kreative, musikalske og kunstnarlege evner i eit støttande miljø. Vi vil arbeide for at flest mogleg får delta, uavhengig av økonomi.
- **Bevare Kaihuset som eit levande lågterskeltilbod for ungdom.** Her får ungdom i Ørsta utfalde seg og sjølv setje premissar for innhald og aktivitetar.
- **Eit sterkt lokaldemokrati.** Kommunen må gjere det enklare for innbyggjarar å påverke og medverke i politiske prosessar, og i utvikling av lokalsamfunnet. Rommet for ytringsfridom må vere stort.
- **Trus- og livssynsfridom.** Ørsta skal vere eit livssynsøpe samfunn, der alle skal kunne ivareta sin trus- og livssynspraksis. Kommunen bør støtte aktivitetar som fremjar inkludering og eit mangfaldig fellesskap på tvers av trus- og livssynssamfunn.
- **Styrkje Ørsta som nynorskkommune.** Språket vårt og dialekten vår er viktige kulturberarar. Gode vilkår for nynorsken i barnehage og skule gjer oss til trygge språkbrukarar. Tilgang på digitale læremiddel på nynorsk er eit lovkrav.
- **Kunst og utsmykking.** Det offentlege rom og kommunale institusjonar treng gjennomtenkt utsmykking, og kommunen kan nytte lokale kunstnarar til slike oppdrag der det høver.

## Klima og miljø

Klimaet krev handling no. Klimakrisa er vår tids viktigaste sak, som vi må løyse i fellesskap. Vi må erkjenne alvoret og setje inn tiltak som monnar. Vi må kutte utslepp lokalt, stille tydelege krav til berekraft og miljø i drift og nye investeringar, og føre eit kommunalt klimarekneskap. Vi må gjere det lettare for innbyggjarar og næringsliv å bidra til ei klimavenleg framtid.

**Ørsta SV vil arbeide for**

- **Å erklære klimakrise og handle deretter.** Vi har inga tid å miste om vi skal klare å unngå dei verste klima- og miljøødeleggingane. Vi må redusere klimagassutsleppa og ressursforbruket. Klima- og miljøtiltak kostar, men å *ikkje* handle no, vil koste oss så mykje meir.
- **Å bevare kulturlandskapet og biologisk mangfald.** Vi må hindre nedbygging av matjord og leggje til rette for beitedyr. Artsmangfaldet må kartleggjast, og vi må lage forvaltningsplanar for prioriterte naturtypar i kommunen.
- **Vern av matjorda.** Vi kan ikkje halde fram med å byggje ned dyrka/dyrkbar jord. Dersom matjord må takast ved nye reguleringar, må jorda takast vare på i ein jordbank og erstattast gjennom nydyrking.
- **Setje tydelege klimamål i anbodsprosessar.** Når kommunen skal gjere innkjøp, byggje nytt eller gjere nye investeringar, må klima og miljø vere sentrale kriterium i anboda som blir lyste ut.
- **Miljøplanar med tydelege prioriteringar og krav.** Slike planar skal ikkje liggje i nokon skuff, men forplikte til handling. Gode miljøval i dag skaper ei god framtid. Kommunen må ha som mål å vere klimanøytral innan 2030.
- **Å innføre eit klimarekneskap i kommunen.** Med eit klimarekneskap kan vi gjere klima- og miljøperspektivet styrande for den kommunale verksemda, og fylgje med på om vi når dei måla vi set oss.
- **Styrkje ressursane til miljø- og klimaarbeid.** Skal vi få ned utsleppa, må vi rigge kommunen for det. Gjennom til dømes å setje av administrative ressursar og sikre tilgang til fagleg påfyll, kan folkevalde og innbyggjarar gjere gode miljøval.
- **At kommunen engasjerer alle einingane sine i klimaarbeidet.** Heile organisasjonen må bidra for å få ned utsleppa. Dette kan for eksempel gjerast gjennom sertifiseringsordningar som Miljøfyrtårn eller Grønt Flagg.
- **Å gjere det lettare for innbyggjarar og næringsliv å gjere gode miljøval.** Volda og Ørsta Reinhaldsverk (VØR) er i ein nøkkelposisjon for å stille miljøkrav og påskjøne gode val. Vi må bort frå bruk-og-kast-tankegangen og over til ein sirkulær økonomi knytt til materialbruk, gjenbruk og gjenvinning.
- **At miljø og klima blir prioritert i arealplanlegginga.** Vi treng klimavenlege arealplanar, der ein utnyttar arealet godt og vernar urørt natur. Dei kommunale planane må også ta høgde for eit meir uføreseieleg klima, med meir flaum, skred, vind og nedbør. Vi må bu oss på eit villare vår.
- **Utfasing av alt gummigranulat frå fotballbanene i kommunen.** Gummigranulat fører til mikroplast i naturen. Vi må velje miljøvenlege alternativ.
- **Å verne om allemannsretten.** Fri ferdsel i naturen er eit fellesgode.
- **Fleire gang- og sykkelveggar.** Det er miljø og folkehelse i eitt. Sykkelvegen mellom Ørsta og Volda må bli samanhengande. Gang- og sykkelveggar må byggjast skånsamt, utan å ta for mykje matjord.
- **Betre kollektivtilbod.** Vi vil arbeide for betre buss- og ferjetilbod. Samarbeidet med fylkeskommunen om Fram Flexx-ordninga, ei drosje-for-buss-løysing med førehandstinging, bør vidareutviklast.
- **Ladestasjonar for elbil og ein utsleppsfri kommunal bilpark.** Innbyggjarar og tilreisande må ha tilgjengelege ladestasjonar og hurtigladarar for elbil. Tilsette i kommunen må kunne lade i arbeidstida. Kommunale tenestebilar (lette køyretøy) må gradvis skiftast ut med nullutsleppsilar.
- **Slutte med unødvendig eingongsplast i den kommunale drifta.** Der det finst gode miljøvenlege alternativ, må kommunen velje desse.
- **Stille etiske krav til kommunale innkjøp.** Ørsta må halde fram som Fairtrade-kommune, og fylgje den nasjonale rettleiaren for etisk handel når vi gjer innkjøp. Slik ser vi til at eit minimum av menneskerettar, arbeidslivsrettar og miljøkrav blir fylgde av dei vi handlar med.

## Næring, arbeid og levande bygder

Ørsta skal vere ein god stad å bu, og ein god stad å arbeide og drive næring. Vi treng både eit levande sentrum og livskraftige bygder. Nyskaping knytt til reiseliv og nye, grønne næringar må skje på naturen sine premisser og bidra til lokal verdiskaping. Vi må hindre sentralisering og nedlegging av offentlege funksjonar og arbeidsplassar.

### Ørsta SV vil arbeide for

- **Auka busetting og gode nærmiljø i heile kommunen.** God tilgang på rimelege og byggjeklare tomter i alle delar av kommunen, og satsing på gode oppvekstvilkår for barn og unge gjer det enkelt og attraktivt å flytte til Ørsta
- **Leggje til rette for gründerar og næringsutvikling.** Kommunen må tilby støtte og rettleiing til nyetablerte selskap, og stimulere både nye og etablerte firma og næringar til vidareutvikling.
- **Grøn omstilling.** Næringsliv og landbruk må få moglegheit til å omstille seg til ny, grøn vekst. Kommunen må ha gode rammevilkår til aktørar som vil utvikle nye berekraftige næringar, til dømes frå havet.
- **Å fremje lokal matproduksjon og styrkje landbruksnæringa.** Lokale gardbrukarar utnyttar naturressursane på ein berekraftig måte og produserer kvalitetsmat. Nye reguleringsplanar må verne landbrukseigedom. Bu- og driveplikta bidreg til å halde jorda i hevd. Tilskotsordningar kan hjelpe nyetablerarar inn i landbruket.
- **Bevare offentlege funksjonar og arbeidsplassar og hindre sentralisering.** Vi vil arbeide for å behalde dei statlege funksjonane og arbeidsplassane vi har i vårt distrikt, slik som Ørsta trafikkstasjon, Helfo og Lånekassen i Ørsta, og Søre Sunnmøre tingrett, Mork Rehabiliteringssenter og alle avdelingane ved Volda sjukehus. Vi må også bevare ein desentralisert struktur når det gjeld kommunale funksjonar i kommunen.
- **At ein sikrar lokalt eigarskap til energikjelder og naturressursar.** Vi vil behalde den kommunale eigarskapen i selskap som Tussa og VØR.
- **Langsiktig og berekraftig utvikling av reiselivsnæringa.** Turismen må spele på lag med naturen og dei fastbuande. Inngrep i urørt natur må avgrensast. Vi må ha lokal verdiskaping, og nye satsingar må vere tenlege for fastbuande, så vel som turistane. Vi må unngå over-turisme, og stille strenge miljøkrav. Vi vil utgreie ein turistskatt som vil kome heilårssamfunnet til gode.
- **Planar for masseuttak.** Vi må ha føreseielege og framtidsretta planar for masseuttak i kommunen, som gir trygge rammer for både næringsdrivande og innbyggjarar. Kommunen må også sikre at oppryddingsplikta og kommunale føringar for etterbruk blir fylgde ved avslutning av massetak.
- **Stille seriositetskrav i anbudsprosessar for å hindre sosial dumping.** Kommunen må gjere sitt for å hindre sosial dumping og sikre anstendige arbeidsforhold i prosjekt der kommunen er byggherre.